



Arne Gunleiv Haugsvær  
Rosslandsvegen 1161  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1810 - 18/15367

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
09.07.2018

## Godkjenning av søknad om utsatt frist for omdisponering til innmarksbeite på Gbnr. 5/3 Fløksand

**Administrativt vedtak. Saknr: 163/2018**

### Saksutgreiing:

Arne Gunleiv Haugsvær søker i brev dagsett 01.07.2018, om utsatt frist for omdisponering av hogstfelt til innmarksbeite på om lag 6 daa på Gbnr. 5/3 på Fløksand. Området ble hogd i 2016 grunn store skader etter stormen Nina og søker vil omdisponere arealet til innmarksbeite. Feltet ligg inntil anna dyrka mark på bruket, og søker driv med mjølkeproduksjon og har trong for meir beite. Fristen for forynging har ikkje gått ut, men i samband med ny val av ny trase til fylkesveg 564 ynskjer søker å utsette omdisponeringa til val av trase er endelig.

### Vurdering:

Etter sluttavverking har ein 3 år på å foryngje eit avverka areal, men det kan gjevast 2 års utvida frist etter §§ 7 og 16 i forskrift om berekraftig skogbruk. Fristen for forynging på det aktuelle arealet går ut i 2019.

Etter forskrift om berekraftig skogbruk kan skogeigar fritt disponere om skogsareal til jordbruksareal. Men den same tidsfrist som gjeld forynging gjelder ved ein omdisponering. Dersom ein skogeigar vil nytta arealet til beite, er det ikkje søknadspliktig etter nydyrkingsforskrifta. Men det stilles krav til at eit ferdig omdisponert beite skal oppfylle visse krav før kommunen kan godkjenne omdisponeringa. Det skal vere eit dokumentert behov for jordbruksareal på eigedommen, og arealet skal vere eigna til jordbruksareal. Det skal vere eit grasdeke med minimum 50 % grasarter og/eller beitetolande urter. Hogstavfall skal ryddast og det

Søkar ynskjer å omdisponera arealet til innmarksbeite, oppfyller vilkåret om beitebehov og har kome litt i gang med arbeidet.

I samband med Nordhordlandspakken skal Fv. 564 utbetrast med betre køyrebredde og gang- og sykkelveg. Undervegs i planarbeidet vart det oppdaga sær s vanskelege grunntilhøve på delar av strekninga, og det er ikkje mogleg å nytta delar av eksisterande trase vidare. Det vart difor satt i gang eit arbeid med å sjå på alternative områder å leggje vegen. Statens vegvesen har på eit overordna nivå (satt av korridor i kart) avklart kva områder som ny vegen skal gå. Men på noverande tidspunkt er ikkje vegentrasen plassert endeleg i kart, slik at ein veit eksakt kor vegen skal ligge i terrenget. Det omsøkte arealet er i eit område kor vegen truleg skal gå, men ein veit ikkje kor i terrenget vegen skal ligge.

Arne Gunleiv Haugsvær vil utsette omdisponeringa til ein endeleg har plassert vegen i kart. Dette for å unngå å omdisponera areal som vil bli bygd ned i samband med vegbygging.

I forskrift om berekraftig skogbruk §§ 7 og 16 opnas det for ein utsatt frist for forynging/omdisponering. Utsatt frist kan gjevast ved klimatiske eller lokale forhold, men kommunen kan også dispensere frå føresegna i forskrifta dersom det er særlege skog- eller miljømessige omsyn tilseier det. Det skal godkjennast av kommunen at ein får utsatt frist.

Administrasjonen understreker at skogeigar står fritt til å disponera sin eigedom slik han/ho ynskjer. Men at skogarealer ikkje skal ligge brakk, dei skal enten foryngast på ein tilfredsstillande måte eller nyttast som jordbruksareal. Det omsøkte arealet ligg nært veg og vil såleis vere lett tilgjengeleg for både jordbruksdrift og skogsdrift. Eit viktig moment i saka er at skogeigar er klar på at han ikkje vil la arealet ligge brakk, og at skal nyttast til beite men at han vil utsette arbeidet litt til vegtrase er avklart. Administrasjonen meiner at det er fornuftig å utsette omdisponeringa, til vegentrase er endeleg bestemet i terrenget. Dette for å kunne unngå å leggje tid og ressursar i å omdisponera areal som vil bli bygd ned. Vidare meiner administrasjonen at det er lurt tilpasse beitet til vegtrase slik at ein kan utnytta det arealet som ikkje vert bygd ut best mogleg. administrasjonen meiner at utsatt frist ikkje kjem i konflikt med § 6 i forskrifta. Søkjar har også eit år igjen av ordinær frist for forynging/omdisponering

Administrasjonen vil etter ein samla vurdering gi løyve til utsatt frist for omdisponering på det omsøkte arealet da det skal omdisponerast og nyttast som beite.

## **Vedtak**

«Meland kommune gir Arne Gunleiv Haugsvær utsatt frist for å disponere om sluttavverka areal på Fløksand. Ny frist er 31.12.2021, og arealet skal tilfredstille dei krav som stilles til beiter etter retningslinjer for arealtilskott/beitetilskott. Ved utgangen av fristen, skal arealet vere ferdig omdisponert eller tilfredsstillande forynga. Det er ikkje mogeleg å ytterligare søkje om utsatt frist jf. § 7.

Når omdisponering av arealet er ferdig skal kommunen varslast, og kommunen skal gi ein endeleg godkjenning på at arealet tilfredstillar dei krav som stilles til beite før endringa vert retta i AR5 gardskartet.

Grunnlaget for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i §§7 og 16 i forskrift om berekraftig skogbruk.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakere:**

Arne Gunleiv Haugsvær

Rosslandsvegen 5918  
1161

FREKHAUG